

ENTUR

4. Kvartal 2022

HOVUDTREKK FRÅ KVARTALET

4. Kvartal har vore ein innhaldsrik periode, både for det interne arbeidet vårt og for Entur si deltaking i sektoren.

- Det tverrsektorielle datasamarbeidet arrangerte den 29. og 30. november caseløysingsdagar på StartupLab. Samferdselsministeren deltok og snakka godt om viktigheita av å dele og utnytte data betre i samferdselssektoren. Caseløysingsdagane gir ei unik moglegheit for deltakarane til å samarbeide og finne innovative løysingar på tverrsektorielle utfordringar.
- Entur lanserte vår nye plassreservasjonsteneste, Entur Plass. Denne tenesta vil erstatte den gamle Plads90, som har vore i bruk i over 30 år. Entur Plass er ei løysing tilpassa stadig høgare krav til



fleksibilitet og funksjonalitet for både operatørar og sluttkundar, og er eit viktig bidrag i å nå målet til Entur om å gjere det enklare å reise kollektivt.





HOVUDTREKK FRÅ KVARTALET


- Tavla, eit Entur-produkt som viser kollektivtrafikk-avgangar i sanntid frå dei stoppestadane du ønskjer å sjå, er nytta som informasjonsløysing på nye Ski stasjon.
- Entur arbeider kontinuerleg med Universell Utforming. I desember vart det avhalde ei UU-veke i Entur for å auke kompetanse og merksemd rundt temaet. Tilgjengelegheitserklæringa til Entur vil vere på plass frå 1.februar 2023 i samsvar med krav.
- Entur deltok på årets Rosa Sløyfe-løp på Lillehammer i oktober, med 18 ivrige deltakarar. I tillegg til at herrelaget tok ein solid andreplass, fekk Entur med seg pokalen for «Årets bedrift på Lillehammer 2022» heim til kontoret.


ENTUR Tavla
Finn din rute på entur.no eller i Entur-appen

  **Ski stasjon**

 **R22 Rakkestad**
Spor 5
Nå | 06:13

 **510 Bøleråsen**
Plattform B
Nå 14 min 21:45

 **525 Kråkstad**
Plattform E
3 min 21:37 21:42

 **525 Hebekk / Finstad**
Plattform A
6 min 21:49 22:19

SAMARBEID OM ENKLE, BÆREKRAFTIGE REISER

Entur AS har gjennomført ein pilot på Beste-pris i samarbeid med Vestfold og Telemark fylkeskommune og Fara, som vart lansert i Grenland 3. oktober. Vi har levert funksjonaliteten "Capping", som sørger for at reisande ikkje betaler meir enn for ein periodebillett når dei kjøper eit bestemt tal enkeltbillettar i ein 30-dagars periode. Dette er eit viktig steg mot eit meir effektivt og fleksibelt kollektivtransporttilbod for reisande i regionen.



OPPETID



NØKKELTAL PLATTFORM



Nedlastingar 44K

Talet på søk 5,5M

Selde billetter 420K

Unike brukarar 93,5K*

*snitt pr.

BILLETTAR*



*Millionar billetter for tog og kollektiv som blir selt gjennom plattformen vår

FINANSIELLE NØKKELTAL

	Q4 2021	Q4 2022	Endring	% endring
Inntekter	141,9	153,3	11,4	8 %
Personalkostnad	49,6	57,4	7,7	16 %
Av- og nedskrivning	10,8	11,5	0,7	7 %
Annan driftskostnad	85,6	75,1	-10,5	-12 %
Netto finanspostar	0,4	-0,8	-1,2	-287 %
Resultat	-4,5	10,1	14,7	-325 %

Resultat for 4. kvartal viser eit overskot på 10,1 MNOK. Dette er 10,7 MNOK over budsjett, som medfører eit årsresultat på 4,1 MNOK. Resultatet er noko lågare enn budsjettert resultat på 5,8 MNOK.

*Annan driftskostnad omfattar driftskostnadene til selskapet eksklusive personalkostnad.

LEVERANSEKVALITET

	Oktober	November	Desember	Mål
Oppetid	99,85 %	99,94 %	99,95 %	99,60 %
Kundesenter*	90,2	92	90,8	90
Stasjon*	91,4	91,7	95	80

*Max score 100

Sals- og billetteringsplattform

Entur leverer oppetid for kvartalet over målsetjing, og har i sum vore innanfor avtalte tenestenivå. Vi har likevel hatt enkelte mindre feilsituasjonar i perioden som har ført med seg nedetid i systema våre.

Betente kanalar på togstasjonar, telefon, chat og e-post

Førespurnadar i Enturs betente kanalar er høgare enn i 2021. Servicenivå på stasjonar er betre enn målsett. Kundesenteret har overordna nådd mål i perioden, med unntak for enkeltoperatørar.

ENTUR